



01.09.2015

Knut Kvam

Arkivsak: 15/2207  
Løpenr.: 15/10639  
Sakshandsamar:  
Inger Moe

## Svar - Søknad om dispensasjon til å setje opp naust ved Hafslovatnet

Me viser til brev frå deg datert 15.07.2015 vedrørande ynskje om å setja opp eit naust på eigedomen din i Moane, gnr. 137 bnr. 40. På synfaring 24.08.2015 vart underteikna gjort kjend med naustplanen og fekk sjå lokaliteten med tanke på vurdering i høve vernestatusen, ettersom tomte ligg ved Hafslovatnet fuglefredingsområde.

I det aktuelle området fylgjer vernegrensa høgste regulerte vasstand. Det vil sei at eit naustbygg som i sin heilskap er plassert over strandkanten ikkje vil vera omfatta av reglane i verneforskrifta.

Dersom tiltaket omfattar inngrep nedom vasskanten, må Luster kommune handsama ein søknad om dispensasjon frå verneforskrifta, dette er aktuelt til dømes dersom du tenkjer å leggja til rette for båtopptak (permanent). Tiltaket skal fyrst avklarast i høve verneforkrifta, før vanleg byggesakshandsaming. Ettersom det ikkje dreier seg om istandsetjing av eit eksisterande anlegg, er det svært lite truleg at me finn heimel til å godkjenna tiltaket, men du er sjølvsagt velkommen til å søkja. Eit formelt avslag frå kommunen kan påklagast. For å handsama søknaden må me få alt innteikna på ei kartskisse frå deg.

Me gjer merksam på at du også må søkja omdisponering, ettersom arealet pr i dag er fulldyrka mark.

Under synfaring var me inne på lovendringa som medfører at ein no kan byggja inntil 50 m<sup>2</sup> utan byggesakshandsaming. Etter eit lite oppslag i plan- og bygningslova § 1-8 (om forbod mot bygging i 100-meterbeltet langs sjø og vassdrag), kan eg stadfesta at du, som fylgje av nærleiken til vatnet, må levera byggesøknad på standard skjema uansett storleiken på naustet. Området er regulert til føremåla landbruk- natur-friluftsliv (LNF). Nabovarsel må også ordnast.

I samband med vanleg byggesakshandsaming skal eventuelle negative effektar for verneverdiane takast med i vurderinga, noko som medfører at kommunen har høve til å leggja begrensningar/vilkår på byggjeløyvet sjølv om tiltaket ikkje er direkte omfatta av vernereglane.

**ADRESSE:**  
Luster kommune  
Rådhuset  
6868 Gaupne

**TELEFON:**  
Sentralbord:  
57 68 55 00

**TELEFAX**  
57 68 55 01

**E-POST ADRESSE:**  
postmottak@luster.kommune.no

**ORGANISASJONSNR.**  
964 968 241  
**Bankgiro:**  
3785.07.00142

Håpar dette var noko oppklarande.

Ta gjerne kontakt med underteikna om det som gjeld verneforskrifta, elles er det Steinulf Skjerdal ([steinulf.skjerdal@luster.kommune.no](mailto:steinulf.skjerdal@luster.kommune.no)) som er sakshandsamar for omdisponering, og anten Ole Arne Haugen ([ole.arne.haugen@luster.kommune.no](mailto:ole.arne.haugen@luster.kommune.no)) eller Haakon Stauri Begby ([Haakon.Stauri.Begby@luster.kommune.no](mailto:Haakon.Stauri.Begby@luster.kommune.no)) som handsamar byggjesaka.

Alle kan nåast på tlf 57 68 55 00

Med helsing

Inger Moe(s)  
naturforvaltar  
tlf.:57 68 55 84

*-Brevet er godkjend elektronisk av Luster kommune og har difor ingen signatur.-*

Kopi til:

, Haakon Stauri Begby  
, Steinulf Skjerdal  
, Ole Arne Haugen